



Naturvernforbundet
Hardanger



Naturvernforbundet
Hordaland

Naturvernforbundet Hardanger
org. nr. 915369383

Naturvernforbundet Hordaland
org. nr. 966020075

Hardanger, 20. september 2026

NVE

nve@nve.no

Fråsegn saksnr. 202320330

Uttale til høyring av justert søknad for nye kraftverk i Røldal-Suldalsvassdraget.

Samandrag:

Lyse Kraft sine planar for nytt pumpekraftverk er eit gigantisk natureksperiment, som kan få store konsekvensar for natur, dyr og menneske i generasjonar framover. Dei første utbyggingane frå 60-talet viser altfor tydeleg kor gale det kan gå med landskap og natur, dersom ikkje lokalsamfunn vert høyrd og respektert i prosessane.

Både Røldal og Valldalen er negativt prega av den store utbygginga på 60-talet. I denne saka står kapitalmaksimering mot lokalsamfunn og natur. Dei nye kraftverka vil ikkje generere meir kraft til storsamfunnet, tvert imot. Totalproduksjonen vil gå ned og inngrepa vil for all framtid forandre lokalmiljø, ein sårbar høgfjellsnatur og mest sannsynleg desimere ei frå før svak villreinstamme.

Naturvernforbundet Hardanger og Naturvernforbundet Hordaland ynskjer ikkje å diskutere alle detaljane i saka rundt den justerte søknaden. Vår uttale vil ha fokus på lovverket og dei nasjonale intensjonane og forpliktingane rundt vatn, villrein og naturforvaltning. I tillegg stiller me oss bak den tidlegare fellesuttalen frå friluftsf- og miljøorganisasjonane av 2024-11-01.

Vassdirektivet er ikkje diskutert i konsesjonssøknaden til Lyse Kraft. Direktivet vil mest sannsynleg vektleggast meir i kommande år. Vassdirektivet og vassforskrifta må etter vårt syn få ei langt tydelegare handsaming. NVE bør særleg vurdere tiltaket opp mot vassforskrifta § 12, mellom anna om tiltaket kan føre til forverring av miljøtilstanden og om føremålet kan oppnåast gjennom miljømessig betre alternativ.

Villreinforvaltning

Villreinen er ein norsk ansvarsart som i 2021 vart raudlista for første gong, i kategorien «nær truga». Staten har starta store prosessar i mange villreinområde, der tusenvis av



frivillige har medverka med kunnskap og arbeid. Resultatet er nye tiltaksplanar, sti- og ferdisleplanar, stengde DNT-hytter, avlyste kommunale reguleringsplanar osv. Det er gjort eit enormt dugnadsarbeid for å komma villreinen i møte og legge til rette for betre levekår.

Pumpekraftplanane og den totale usikkerheita desse skapar eir ein hån mot dette førebyggjande arbeidet i samfunnet. Tida der kraftreguleringa var viktigare enn biologisk mangfald bør vere forbi. Summen av dei store inngrepa og naturtapet ved pumpekraft kan aldri referdiggerast med meir kapitalinntening.

Området som er omsøkt regulert med pumpekraft er eit mykje brukt trekkområde for Setesdal-Ryfylke-bestanden og reinen på Hardangervidda. Forsking og registreringar visar at reinen brukar området ved Votna og Holmavatnet både sommar og vinter; her er det viktige trekkruter året rundt. Det er usikkert korleis ny E134 i tunnel vil påverka trekkmønsteret. Det er spesielt på vinteren reinen må nytte Votna som trekkroute og det er her pumpekraft kombinert med ustabile vintrar kan vere fatalt for reinen. Konsesjonssøknaden og tilleggsgutgreiingane hevdar at varslings og registrering av reintrekket kan avhjelpe problemet med den ustabile isen. Lyse kan stenge pumpekraftverket i kortare periodar og «lata villreinen passera». Dette er svært teoretiske modellar, som fungerer best i innsals-prosessen til regulanten. Naturvernforbundet Hardanger og Naturvernforbundet Hordaland kan ikkje godta ei slik gambling med ein utryddingstruga ansvarsart i eit omskifteleg fjellklima. Ei slik driftsform vil før eller seinare få etiske utfordringar, der valet står mellom pengar, kraft eller villrein. Føre-var-prinsippet, der ein kan hindre skade på natur eller ein art, bør vere rett å bruke her.

Vilkårsrevisjon er eit viktig krav. NVE skriv følgjande om vilkårsrevisjonen:

Hovedmålet med revisjonen må være å få til miljøforbedring

- *Regulanten må pålegges standard naturforvaltningsvilkår*
- *Revisjonsprosessen må sees i sammenheng med revisjon av omkringliggende vassdragsreguleringer*
- *Av hensyn til fisk, villrein og friluftsliv bør det ikke tillates effektkjøring i magasinene*
- *Det må etableres minstevannføring og vannslipp med flommer*
- *Det må utarbeides en plan for habitatforbedrende tiltak i vassdragene*
- *Eksisterende anleggsveier må ilegges restriksjoner eller stenges*
- *Regulanten må bidra med midler til villreinfondet for Setesdal Ryfylke - kunnskapsgrunnlaget må styrkes*

Naturvernforbundet Hardanger og Naturvernforbundet Hordaland ser ikkje mange teikn til eit betre miljø, dersom Lyse får gjennomslag for ideane sine. I den reviderte søknaden frå Lyse vil reguleringa og bruk av pumpekraft forverra den økologiske tilstanden i alle vassdraga. Røldalsvatnet, midt i bygda, vil framleis ha ei kolossal reguleringshøgde på



Naturvernforbundet
Hardanger



Naturvernforbundet
Hordaland

17m som kan variere frå 2-4 meter på 48 timar. Lyse vil plassera 500.000m³ ureine tunnelmassar i vatnet.

Avrenning, ureining og erosjon er element som er lite belyst og som ikkje vert betre, når pumpekrafta sirkulerer i vatnet. I tillegg er det store estetiske utfordringar med ei slik fylling i eit bygdenært landskapsrom. Dagens fylling er fortsett eit framandelement 60 år etter etableringa. Ved ei vidare utfylling bør det stillast krav om forbetringar på dagens fylling, slik at totalen for bygda vert mindre negativ.

Pumpekraft er eit grunnleggande negativt element i naturforvaltninga og skapar ein alvorleg ubalanse både i elva og vatnet. Omrøring, turbulens og raske endringar vil forandre nesten alle biologiske prosessar over tid. Dagleg pumping av bakteriar og mikroorganismar opp og ned i fjellheimen vil over tid forandre faunaen. I tillegg vert det problematisk når temperaturen dagleg vert regulert opp og ned fleire grader. I denne saka bør den samla belastninga på heile landskapet vurderast etter Naturmangfaldslova § 10. (**økosystemtilnærming og samlet belastning**):
«En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.»

Sjølv om Lyse Kraft har forsøkt å redusere dei negative verknadane ved Røldal-Suldal O/U-prosjektet i den justerte søknaden, vil det framleis ha for store negative konsekvensar for den sårbare og truga villreinen, for vassmiljø, natur, landskap og lokalmiljø. Me meiner det vil vere i tråd med Naturmangfaldslova, vassdirektivet og ikkje minst det særskilde ansvaret me har for villreinen, å ikkje gje konsesjon til O/U-prosjektet i Røldal-Suldal.

Med helsing

Naturvernforbundet Hardanger
v/ leiar Klaus Rasmussen

Naturvernforbundet Hordaland
v/ rådgjevar Synnøve Kvamme